



Kim Robert Fureli
Gravdalslien 31
5165 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2156 - 18/28185

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
14.09.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 233/177 Eide indre

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 233/177
Tiltakshavar: Kim Robert Fureli
Ansvarleg søkjar: Seim Bolig AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.07.2018. Søknaden gjeld dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad og garasje.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen 2011-2023 (KPA) er definert som LNF.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatt situasjonskart. Sjå vedlagte situasjonskart som kan nyttast. Mål på tiltaka, avstand til nabogrense, veg, leidningar, byggegrense til fylkesveg 394 som er 15 m til vegens midtlinje. Viss ikkje byggegrensa på 15m vert overhaldd, må det søkjast dispensasjon.
2. Vann og avløp er nytt for eigedomen. Det må vera skildra i søknaden og på situasjonskart med val av trasè for vatn- og avløp, plassering av avløpsanlegg og kva type løysing for avløp som skal vere for eigdommen.
3. Nabovarsel av Statens Vegvesen – gbnr 233/144 og Hordaland Fylkeskommune - gbnr 233/144, sjå vedlagte naboliste. Målsatt situasjonskart må leggest ved nabovarsel til både Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 05.10.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart med VA-data - gbnr 233_177

Naboliste - gbnr 233_177

Kopi til:

Seim Bolig AS	Fureberget 29A	5912	SEIM
---------------	----------------	------	------

Mottakarar:

Kim Robert Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
Martine Cecilie Holmen Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
Seim Bolig AS	Fureberget 29A	5912	SEIM